

---

**Fra:** Haakon Aase <haa-aase@online.no>  
**Sendt:** mandag 27. mai 2019 11.36  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** Elias Mjåtveit-huset, ref sak nr 18/2283

Meland kommune  
Ordfører  
Byggjesak  
Kultur

Vi viser til vedtak som gjev løyve til riving av Elias Mjåtveit-huset på Mjåtveit. Sogelaget og mållaget er glade for at ein i kommunen har sett som vilkår at rivinga skal skje i samråd med Sogelag og Meland mållag og at det skal gjevast rom for utarbeiding av ein plan for demontering, deponering og atterreising av huset ein annan stad.

Men vi må understreka at vi fyrst fekk kjennskap til at det var gjort eit vedtak i saka etter at vi i mållaget mottok ein e-post frå Arne Mjåtveit den 25. mai d.å. Det vil seia på den dagen då det var sett ein frist for utarbeiding av ein slik plan. Vi har verken fått kopi av brevet til tiltakshavar eller på annan måte fått blitt orienterte om at det i det heile var gjort eit vedtak. Når vi er godkjende som interesserte partar i saka, og jamvel er tekne med som ein aktør i prosessen slik vedtaket i saka lyder, ville vi finna det heilt innlysande at vi enten fekk kopi av brevet eller vart orienterte på anna vis, innkalla til møte e.l. Det siste ville etter vårt syn vera naturleg ettersom vi har med ei etter måten stor kultursak å gjera her.

25. mai er såleis ein heilt urealistisk frist. Det skal også seiast at det å førebu ei slik sak for oss, vil gå i fleire ledd og ta noko tid. Det har vi også informert tiltakshavaren om og han har svart at han ikkje skal vera «vanskeleg» i så måte, noko vi set pris på. Vi vil sjølv sagt ta omsyn til tiltakshavars ynske om at det ikkje skal gå med urimeleg lang tid til dette arbeidet.

Som ein del av prosessen ligg det inne ein søknad til Meland kommune frå dei to laga om tilskot til ei meir utførleg tilstandsvurdering av bygningen, inkludert ein grundig dokumentasjon og utarbeiding av teikningsmateriale. Denne søknaden skal det takast stilling til i slutten av mai månad d.å., har vi fått opplyst. Vi viser elles til utdrag av skrivet frå kommunen nedanfor:

Med heimel i forvaltningsloven (fvl) § 42 «utsatt iverksetting», sett kommunen som vilkår at riving av våningshuset ikkje kan setjast i verk til dess at avklaring med mål- og sogelaget er gjort. Meland Mållag og Meland Sogelag må innan 2 månadar frå dette vedtaket er fatta, ha avklart ein tiltak- og gjennomføringsplan for overtaking og flytting av våningshuset. Fristen kan utvidast i samråd med tiltakshavar.

*«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 bokstav e) løyve til riving av eksisterande våningshus på gbnr. 22/15, som omsøkt, på følgjande vilkår:*

- 1. Riving må skje i samråd med Meland Mållag og Meland Sogelag.*
- 2. Meland Mållag og Meland Sogelag har frist fram til 25.05.2019 til å avklare og iverksetja ein tiltak – og gjennomføringsplan for overtaking og flytting av våningshuset.*
- 3. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.*
- 4. Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta*

*Tiltakshavar har sjølv ansvar som sjølvbygger for rivinga, jf. ovanfor.*

Vi har vidare ein merknad til eitt punkt i skrivet frå kommunen. Som kjent har sogelaget og mållaget stått for ei førebels vurdering av bygningen basert på ei synfaring den 7. februar d.å. I skrivet frå kommunen heiter det at vi det må ei meir utførleg vurdering til for at ein skal kunna søkja midlar til eit bevarings- og flyttingsprosjekt. Det er for så vidt rett at det vil trengast meir dokumentasjon for at ein skal kunna gå vidare i prosessen og arbeida for fullfinansiering. Men Gamle 3Hus konkluderer med den varsamt optimistisk vurderinga at søknader om tilskot «antagelig vil kunne gi muligheter for tilskudd», også basert på den kulturhistoriske verdien bygningen representerer. Det er innlysande at eit firma som Gamle 3Hus ikkje kan «lova» nokon tilskot i noka som helst lei, men alt den førebelse vurderinga tilseier at sjansen er reell. Vi har sjølve vore i kontakt med Kulturminnefondet for å avklara om dei på prinsipielt grunnlag vil kunna gje tilskot også når det er snakk om flytting. Svaret er at det er mogleg.

Beste helsing  
Meland Sogelag og Meland Mållag  
v/Haakon Aase